



Denne skissa viser kvar den omsøkte parsellen ligg på Friheim.

Rådmannen seier nei til dispensasjon frå arealføremålet (LNF) i kommunedelplanen. Dermed går han imot å gje Kurt Eivind Miljeteig på Friheim løyve til frådelling av ein 700 kvadratmeter stor parsell til bustadtomt. Grunngevinga til rådmannen er at det ikkje ligg føre særlege grunnar etter lova.

Saka skal opp i forvaltningskomiteen 25. februar.

Aktuelle naboar er varsla og det er ikkje komen nokon merknad frå dei.

Med omsyn til vatn ynskjer dei brunn som kjelde. Dei ynskjer privat enkeltanlegg for avløp og det er privat veg i nærleiken av parsellen.

Hvis frådelling skal gjennomførast lyt det søkjast om utsleppsløyve og det lyt leggast fram dokumentert rett til å nytte privat veg fram til parsellen.

Administrasjonen peikar på at den omsøkte parsellen ligg i LNF-område og at dispensasjonssøknaden ikkje er grunnjeven.

- Det er ikkje ynskjeleg at bustadtomter vert frådelt midt inne i gardsbruk slik som omsøkt.

Frådelling av parsell til bustad her kan skape presedens i liknande saker og kan føre til ei utvikling som vert vanskeleg å handtere, skriv saksbehandlar Anne Lise Næs Olsen.

Av Ola Matti Mathisen